

# EHEC og andre tarmpatogene E.coli

## Analysemetode

Bakteriologisk dyrking

## Indikasjon

EHEC:

- Blodig diaré, alle aldersgrupper
- Diaré hjå born under 5 år
- Hemolytisk uremisk syndrom (HUS), klinisk verifisert eller mistenkt
- Laboratorieassosiert diaré
- Epidemiologisk lenkje til eit EHEC-tilfelle
- Personar i Smitteklasse 1 ("Personar i næringsmiddelindustri som kjem i kontakt med næringsmidlar som skal etast rå eller utan ytterlegare oppvarming")

Kontrollprøvar: Sjå Folkehelseinstituttet si nettside: [Kontroll og oppfølging av pasienter med tarminfeksjoner.](#)

## Prøvetaking

Defekasjon i reint kokt bekken eller i potte skylt med kokande vatn.

Avføring på Cary Blair transportmedium.

Prøvetaking med FecalSwab i Cary Blair-medium:

- Merk prøveglaset med pasientopplysningar og dato for prøvetaking.
- Dypp prøvetakingsbørsten i prøven og rotér til den er heilt dekt av prøvemateriale. (Er avføringa slimet eller blodig, velgjast fortrinnsvis slimklattar eller blodige porsjonar av avføringa). Mengda av prøvemateriale vil då vere ca 200 mg, slik at det vert fortytning på 1:10 ved overføring til prøveglaset med 2.0 ml Cary Blair-medium. Ikkje ta meir prøvemateriale med i prøveglaset.  
Ved svært flytande materiale: Hald børsten i den flytande prøven til den er heilt gjennomvæta.  
Ved svært hardt prøvemateriale: Forsøk å overføre ein liten bit prøvemateriale til mediet med børsten.
- Skru av korken på prøveglaset, plasser prøvetakingsbørsten nedi mediet, og knekk av pinnen. Skru igjen korken.

## Prøvetakingsutstyr

Fecalswab med Cary-Blair-medium:



### **Prøvevolum**

Ein prøvebørste i Cary Blair transportmedium (sjå over).

### **Oppbevaring før transport**

I kjøleskap.

### **Haldbarheit**

3 døgn. Eldre prøvar kommenterast i svar.

### **Vurdering i laboratoriet**

For tida undersøker laboratoriet for EHEC ved ein kombinasjon av dyrkingsprøve for E. coli O 157 og PCR for Shigatoksingener. Suspekta isolat vil bli sende referanselaboratorium for verifikasjon.

**Det er viktig å vere oppmerksom på at ein negativ prøve ikkje utelukkar diagnosen EHEC.**

Etter vurdering av kliniske opplysningar og epidemiologisk situasjon kan evt. også andre E. coli-isolat vidaresendast til anna laboratorium (EPEC, ETEC, EIEC).

Positive prøver ringast.

Obs. antibiotikabehandling er kontraindisert ved EHEC-infeksjon.

### **Forventa analysetid**

3-7 dagar

### **Feilkjelder**

- Lang transporttid
- Feil transportmedium
- Manglande kliniske opplysningar, bl.a. om smittestad

### **Litteratur, kjelder**

Folkehelseinstituttet: [E. coli-enteritt \(inkludert EHEC-infeksjon og HUS\) - veileder for helsepersonell.](#)

### **Utførast av**

Bakteriologisk fagområde

### **Fagområde**

Bakteriologi

### **Rekvisisjonsskjema**

Skjema HF 1084

Skjema HF 1088

### **Medisinsk fagleg ansvarleg**

Reidar Hjetland

### **Sist oppdatert**

16.10.2018 Karina Astrup